

Eigenerklæring frå søkjar og eventuell partner - utland

Du/de som søkjar, fyller ut dette skjemaet. For å få dekt utgifter til infertilitetsbehandling av Helfo må du/de oppfylle vilkåra for behandling av barnløyse i bioteknologilova. Helfo kan kontrollere at opplysningane i skjemaet er korrekte.

1. Opplysningar om søkjar og eventuell partner

Namn på søkjar	Namn på partner
Fødselsnummer (11 siffer)	Fødselsnummer (11 siffer)

2. Om type behandling (kryss av)

Befruktning utanfor kroppen (IVF eller ICSI)	Hormonstimulering
Inseminasjonsbehandling (AIH eller AID)	Preimplantasjonsdiagnostikk (PGD-behandling)

Dersom paret eller kvinna har mottatt behandling i eit anna EU/EØS-land og skal få utført preimplantasjonsdiagnostikk i samband med assistert befruktning, må søknaden i sin heilskap fremjast for Utlandskontoret ved det regionale helseføretaket.

3. Tidlegare behandling(ar)

Folketrygda kan dekke delar av utgiftene for inntil 3 forsøk per barn. Dette gjeld uavhengig av om behandlinga er utført i Noreg eller i eit anna EØS-land. Med fullverdig forsøk ved IVF eller ICSI meinast uthenting av egg og tilbakesetting av befrukta egg i kvinna si livmor.

Fyll ut dersom du/de tidlegare har hatt assistert befruktning i Noreg eller eit anna EØS-land

Oppgje antal fullverdige forsøk	Oppgje namn på klinikk(ar) som utførte behandlinga
Dato(ar) for når behandlinga blei utført	

Fyll ut dersom du/de har fått refundert utgifter for tidlegare forsøk av Helfo

Oppgje antal forsøk som du/de har fått refusjon for tidlegare

4. Om vilkår i bioteknologilova kapittel 2 (kryss av)

Vi er gifte eller sambuarar i ekteskapsliknande forhold	JA	NEI
Eg er einsleg og bur åleine	JA	NEI

Fyll ut ved inseminasjonsbehandling eller ved befruktning utanfor kroppen

Vil det bli brukt egg frå ein donor?	JA	NEI
Dersom JA, er eggdonor registrert i eit donorregister som sikrar barnet tilgang til eggdonorens identitet når barnet fyller 15 år?	JA	NEI
Dersom det skal brukast donoregg, ver merksam på at følgjande kriterier må vere oppfylt dersom paret ønskjer å søkje om refusjon: • Donoren må - vere over 25 år og ikkje eldre enn 35 år - ikkje bli fråtatt rettsleg handleevne på det personlege området, jf. ordlyd i bioteknologilova § 2-9 - ikkje få opplysningar om identiteten til paret eller barnet - gje skriftleg samtykke til at egga hennar kan brukast i infertilitetsbehandling - gje skriftleg samtykke til at identiteten hennar blir registrert i donorregister • Identiteten til donoren må vere registrert i eit donorregister • Barnet må få tilgang til denne informasjonen når det fyller 15 år • Dersom donoren dør, kan ikkje egga brukast i infertilitetsbehandling		

Vil det bli brukt sæd frå donor?	JA	NEI
Dersom JA, er sædgivar registrert i eit donorregister som sikrar barnet tilgang til sædgivarens identitet når barnet fyller - 15 år viss sæden er donert etter 1. januar 2021 - 18 år viss sæden er donert før 1. januar 2021?		
Dersom det blir brukt donorsæd, ver merksam på at følgjande kriterier må vere oppfylt dersom kvinna/paret ønskjer å søkje om refusjon: • Donoren må - vere minst 18 år - ikkje bli fråtatt rettsleg handleevne på det personlege området, jf. ordlyd i bioteknologilova § 2-9 - ikkje få opplysningar om identiteten til paret eller barnet - gje skriftleg samtykke til at sæden hans kan brukast i infertilitetsbehandling - gje skriftleg samtykke til at identiteten hans blir registrert i donorregister • Identiteten til donoren må vere registrert i eit donorregister • Dersom donoren dør, kan ikkje sæden hans brukast i infertilitetsbehandling		

5. Underskrift

Eg/vi bekreftar at opplysningane i eigenerklæringa er korrekte. Dersom opplysningane endrar seg, må eg/vi kontakte Helfo.	
Stad og dato	Underskrift søkjar
Stad og dato	Underskrift partner